



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.08.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar PS 123/18
Stian Bjerkvik	Rektor Volda læringssenter PS 124/18
Rune Totland	Teknisk sjef PS 125/18, OS 117/18, OS 118/18, OS 119/18 og PS 128/18
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann OS 107/18
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor PS 125/18
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef OS 105/18
Anette Hauger	Programrådgjevar Volda læringssenter PS 124/18
Per Heltne	Planleggar OS 107/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 121/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 123/18	Godkjenning av planprogram - Voldsfjordkryssing – kommunedelplan
PS 122/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 124/18	Tilleggsoppmoding om busetjing 6 ekstra flyktningar i 2018
PS 125/18	Ressursbehov ved eining for vatn og avløp
OS 117/18	Beredskap - Stenging av Rotsethorntunnelen
OS 118/18	Vedlikehald av blomsterbed langs E39 i Volda sentrum
OS 119/18	Sementblokker i sentrum - Sivert Aarflot-plass
PS 128/18	Øvre Rotset næringsområde - opparbeiding Vest for E39
PS 126/18	Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap
PS 127/18	Orienteringssaker
OS 107/18	Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta – Samferdselspakke
OS 106/18	Ambulansetenesta for innbyggjarar i Ørsta og Volda kommune
OS 105/18	Søknad om omgjerung frå bankgaranti til tilskott - Stiftelsen Varmtvassbassenget
OS 108/18	Volda Campus Arena, oppdatering vedrørande status per 20.07.18
OS 109/18	Opprop domstolorganisering og strukturendring
OS 110/18	Informasjon om Helseplattformen
OS 111/18	Demokratiprojektet blir avslutta
OS 112/18	Framdrift vedr. Fv 60 Tomasgard - Røyarhus bru



VOLDA KOMMUNE

- OS 113/18 **Etterlysing av svar på tidlegare innsendt brev angående nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje**
- OS 114/18 **Drosjeløyve i Dalsfjorden - Førespurnad om å nytte Vanylven taxi**
- OS 115/18 **Kommunenes utgifter i 2016 som vertskommune for statlige mottak for enslige midreårige asylsøkere over 15 år**
- OS 116/18 **Barn og unge sin representant i plansaker**

PS 121/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om barn sin representant i plansaker, og deltaking på møte i formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om beredskapssituasjonen i høve stenging av Rotsethorntunnelen.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om rydding av bed langs E39 i Volda sentrum.

Benedikte Holmberg reiste spørsmål om nytta til betongklossane ved Siver Aarflot-plassen.

Ordføraren informerte om at formannskapsmøtet den 4. september, vil ha fokus på arealdelen i kommuneplanen.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Gunnar Strøm, Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Benedikte Holmberg og ordføraren, vart samrøystes godkjent.



PS 123/18 Godkjenning av planprogram - Voldsfjordkryssing - kommunedelplan

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet rår til at planprogrammet for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden kan fastsettast slik det ligg før i utgåve 4. Alternativ 2B, med veg i dagen frå Andaneset til Rotset, vert å ta ut av planprogrammet.

Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er nabo og part i saka, jf. fvl. § 6. 1. a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent inhabil.

Sakshandsamar Heidi Istad orienterte om saka, og kom med følgjande korrigeringsav saksutgreiinga: I oppsummering av innspel er det vist til at Stig Bjarte Mork Grevsnes protester mot alt. 2, korrekt formulering skal vere: *Stig Bjarte Mork Grevsnes protester mot alt. 1.*

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:

Formannskapet rår til at planprogrammet for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden kan fastsettast slik det ligg før i utgåve 4. Alternativ 2B, med veg i dagen frå Andaneset til Rotset, vert å ta ut av planprogrammet.

Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 122/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 26.06.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 124/18 Tilleggsoppmodning om busetjing 6 ekstra flyktningar i 2018

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 6 ekstra flyktningar i 2018, derav inntil 2 einslege mindreårige. Dvs. ei auke frå 14 til 20 busetjingsplassar i 2018. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Kommunestyret opprettheld k-vedtak 95/16 pkt. 1, om at utnytta plassar i 2016 og 2017 kan overførast til seinare år, totalt 4 plassar.*
- 4. Volda kommunestyre oppmodar staten så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktningpolitikken overfor kommunane.*
- 5. Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
- 6. Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjalar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen: Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

Handsaming:

Rektor ved Volda læringscenter Stian Bjerkvik og teamleiar einslege midreårige Anette Hauger møtte.

Røysting (ni røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 6 ekstra flyktningar i 2018, derav inntil 2 einslege mindreårige. Dvs. ei auke frå 14 til 20 busetjingsplassar i 2018. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Kommunestyret opprettheld k-vedtak 95/16 pkt. 1, om at utnytta plassar i 2016 og 2017 kan overførast til seinare år, totalt 4 plassar.*
- 4. Volda kommunestyre oppmodar staten så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktningpolitikken overfor kommunane.*
- 5. Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
- 6. Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøklarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen: Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

PS 125/18 Ressursbehov ved eining for vatn og avløp

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette 1 ny ingeniørstilling fast tilsett frå 1.1.2019. Kostnaden vert dekt innanfor sjølvkostområdet.*
- 2. Kommunestyret vil vurdere nærare resterande ressursbehov innanfor vatn og avløp i samband med komande budsjett- og økonomiplanprosess.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland og ingeniør Lars Fjærvoll møtte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette 1 ny ingeniørstilling fast tilsett frå 1.1.2019. Kostnaden vert dekt innanfor sjølvkostområdet.*
- 2. Kommunestyret vil vurdere nærare resterande ressursbehov innanfor vatn og avløp i samband med komande budsjett- og økonomiplanprosess.*

OS 117/18 Beredskap - Stenging av Rotsethorntunnelen

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om beredskapssituasjonen i høve stenging av Rotsethorntunnelen, og om kommunen har stilt krav om beredskapsferje. Teknisk sjef informerte om at Statens vegvesen ikkje har planar om å brøyte vegen mellom Hunnes og Vatne, eller sette inn beredskapsferje over Voldsfjorden. Det vert organisert kollonekøyring tilpassa rutetidene for nattbuss og flytransport, samt opning for gjennomkøyring av utrykkingskøyrerøy. Formannskapet drøfta saka og var samde om å skrive brev til Statens vegvesen og oppmode om å sette inn beredskapsferje. Ordføraren fekk fullmakt til dette.

OS 118/18 Vedlikehald av blomsterbed langs E39 i Volda sentrum

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om rydding av bed langs E39 i Volda sentrum. Teknisk sjef Rune Totland informerte om at kommunen tidlegare har kontakta Statens vegvesen om manglande vedlikehald av bedda. Teknisk sektor vil følgje opp sak.

OS 119/18 Sementblokker i sentrum - Sivert Aarflot-plass

Benedikte Holmberg reiste spørsmål om funksjon og det visuelle uttrykket til betongklossane ved Siver Aarflot-plassen. Kan betongklossane byttast ut eller fjernast for å gjere sentrum meir



VOLDA KOMMUNE

attraktivt? Teknisk sjef Rune Totland informerte om at sentrumsprosjektet ikkje er ferdigstilt. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

PS 128/18 Øvre Rotset næringsområde - opparbeiding Vest for E39

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet vedtek å lyse ut nytt anbod der ein trekkjer ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt.*
- 2. Eiga sak om finansiering vert framlagt kommunestyret så snart kostnaden er kjend.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 20.08.2018.

Teknisk sjef Rune Totland orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 21.08.2018:

- 1. Formannskapet vedtek å lyse ut nytt anbod der ein trekkjer ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt.*
- 2. Eiga sak om finansiering vert framlagt kommunestyret så snart kostnaden er kjend.*

PS 126/18 Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek at Volda kommune ikkje deltek i aksjeselskapet – Utviklingsforum for Ålesund lufthamn, Vigra AS.*
- 2. Volda kommune ser det som svært viktig at begge flyplassane på Sunnmøre vert utvikla i samsvar med næringslivet og samfunnet sine behov på Søre Sunnmøre og Sunnmøre samla sett.*



Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.08.2018 kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek at Volda kommune ikkje deltek i aksjeselskapet – Utviklingsforum for Ålesund lufthamn, Vigra AS.*
- 2. Volda kommune ser det som svært viktig at begge flyplassane på Sunnmøre vert utvikla i samsvar med næringslivet og samfunnet sine behov på Søre Sunnmøre og Sunnmøre samla sett.*

PS 127/18 Orienteringssaker

OS 107/18 Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta - Samferdselspakke

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka og viste til ulike alternativ for bompengeløysingar. Formannskapet drøfta saka, og kom med innspel til vidare saksutgreiing.

OS 106/18 Ambulansetenesta for innbyggjarar i Ørsta og Volda kommune

Ordføraren orienterte om status i saka. Formannskapet drøfta saka, og kom med innspel til vidare arbeid.

OS 105/18 Søknad om omgjerung frå bankgaranti til tilskott - Stiftelsen Varmtvassbassenget

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i stiftelsen for Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 1. l, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.



VOLDA KOMMUNE

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om habilitet, ho er varamedlem til styret i stiftelsen for Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 1. l, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.
Margrete Bjerkvik vart samrøystes kjent inhabil.

Det var sju røysteføre til stades under handsaminga av saka.

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om saka. Formannskapet kom med innspel til vidare saksutgreiing.

Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik tok sete.

OS 108/18 Volda Campus Arena, oppdatering vedrørende status per 20.07.18

OS 109/18 Opprop domstolorganisering og strukturendring

OS 110/18 Informasjon om Helseplattformen

OS 111/18 Demokratiprojektet blir avslutta

OS 112/18 Framdrift vedr. Fv 60 Tomasgard - Røyhus bru

OS 113/18 Etterlysing av svar på tidlegare innsendt brev angående nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje

OS 114/18 Drosjeløyve i Dalsfjorden - Førespurnad om å nytte Vanylven taxi



OS 115/18 Kommunenes utgifter i 2016 som vertskommune for statlige mottak for enslige midreårige asylsøkere over 15 år

OS 116/18 Barn og unge sin representant i plansaker

Gunnar Strøm reiste spørsmål om barn sin representant i plansaker, og deltaking på møte i formannskapet. Rådmannen informerte om at Steinar Ose-Velle er ny i vervet, og vil ivareta barna sine interesse i plansaker.

Møtet slutt kl. 16:15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
22.08.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent